

DATO: 22.09.2022

Feios Kraftverk AS

Røysavegen 1

6893 Vik i Sogn

22. september 2022

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)

Postboks 5091, Majorstua

0301 Oslo

## DETALJPLAN FOR MILJØ OG LANDSKAP FOR FEIOS KRAFTVERK

Feios Kraftverk fekk positiv innstilling frå NVE til OED den 23. november 2009. Konesjon vart gjeven ved kongeleg resolusjon den 8. mars 2013. Det er gitt utsatt frist for byggestart til 8. mars 2023, jf. samtykke fra OED 4.1.2018.

Anlegget vert oppfatta som lite kontroversielt og omfattar bl.a. følgende anlegg og installasjonar:

- Kraftstasjon i fjell
- 2 dammar; dam Storelvi og dam Åfet (henholdsvis klasse 1 og klasse 2, vedtak fra NVE, 12.05.2022)
- 7 bekkeinntak; Kvitgyrva, tordøla, Turidøla, Nyasete, Tverrelvi (alle klasse 0, vedtak fra NVE, 12.05.2022)
- Overføringer; Nedgrave røyr, Kvitgyrva-Storelvi (ca.1000 meter), Tunnel Storelvi-Åfetelvi (ca.4500 meter)
- Veg; opprusting av eksisterande vegar samt ca. 200m ny veg i Haugasetdalen
- Deponeringar; 190 000 am<sup>3</sup> i Åfetdalen, 110 000 fm<sup>3</sup> i sjø ved Håastrondi\*

\* Ny søknad løyve til dumping samt utslepp av tunnelvatn vart sendt til Statsforvaltaren i Vestland i juli -22 og pr.dd ute på høvring.

Endringar frå konsesjonsgjeven løysing ligg i ein auke i anslaget anbrakte massar i Åfetdalen, frå 175.000m<sup>3</sup> til 190.000m<sup>3</sup>, etter at overføringstunnelen har fått eit utvida tverrsnitt frå 16 til 24 m<sup>2</sup>. Samstundes er deponiet flytta lokalt, til terreng med betre kapasitet. Ynskja volum kan følgeleg deponerast på eit mindre areal og med betre tilpassing til eksisterande terreng samstundes som avstanden til eksisterande nærliggande kraftleidning aukar og ein unngår inngrep i registrert naturtype.

Geoteknisk kompetanse vil synfara området i september 2022 og løysningar for mellom anna legging av røyrgate i sidebratt terreng vil bli optimalisert og spesifisert i dialog med geoteknikkar, for ei sikker arbeidsgjennomføring og reduserte inngrep. Ei arbeidsbeskriving vil bli ettersendt før anleggsarbeida startar opp, likeins ei skredfarevurdering med forslag til hensiktsmessig passiv sikring for aktuelle delar av anlegget.

Fleir detaljer kring instrumentering, datalagring, visning og skilting av minstevassføring vil bli tilsendt etter at kontrakt med ELMEK og bygg-leverandør er ferdigstilt.

Framdriftsplan er under utarbeiding og vil og bli ettersendt.

Feios Kraftverk AS sender med dette over detaljplan for miljø og landskap for anlegget.

Sogndal, 22. september 2022

Feios Kraftverk AS,



Harald Fimreite

Utbyggingssjef | Sognekraft Produksjon